

Å kome saman er byrjinga. Å halde saman er framgang. Å arbeide saman er suksess (Henry Ford)



# Medarbeidarsamtale

Til: \_\_\_\_\_

Eg vil med dette innby deg til medarbeidarsamtale.

Dag/ dato: \_\_\_\_\_ Klokka: \_\_\_\_\_ Stad: \_\_\_\_\_

Eg legg ved ei hugse-/ temaliste som eg bed deg nytte når du førebur deg til samtala.

Du har høve til å ta med deg ein annan person, t.d. plasstillitsvald, dersom du skulle ønskje det.  
Eg bed om at du gjev tilbakemelding snarast råd om tidspunktet passer.

## Nissedal kommune sin visjon: Nissedal vidare!

### Nissedal kommune sine levereglar

Nissedal kommune har kome fram til 7 gode levereglar som me skal sjå på og prøve å leve opp til i kvardagen i heile organisasjonen. Kommunen ynskjer å løfte levereglane fram jamleg og arbeide for at me i fellesskap skal kunne la dette prege vår arbeidskvardag med Nissedal kommune vidare i vekst. I staden for å putte levereglane inn i hugse-/ temalista vel me å skrive dei her på framsida og ber om at dei vert eit tema i kvar medarbeidarsamtale.

Vi skal:

- Vere rause
- Vere tydelege
- Vere opne og ærlege
- Vere oppgåveorienterte
- Vere imøtekommande og blide
- Vere stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Vere samarbeidsviljuge og syne kvarandre respekt og omtanke

### Vedr. punkta i hugse-/ temalista

Det er ikkje nødvendig å gå gjennom alle punkta i hugse-/ temalista, men ein kan gjerne plukke ut dei punkta som passar best og bruke meir tid på dei.

Med venleg helsing

\_\_\_\_\_ Dato

\_\_\_\_\_ Underskrift

